



## ÅLESUND KOMMUNE

### LOKALE RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV OFFENTLEG TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR I ÅLESUND KOMMUNE

Vedteke 19.06.20 av kommunestyret i Ålesund.

#### 1. Føremål og verkeområde

Lokale retningslinjer for tildeling av offentleg tilskot til private barnehagar i Ålesund kommune er utarbeida i tråd med barnehagelova § 8, og Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar.

Retningslinjene gjeld ved kommunen si tildeling av tilskot til godkjende private barnehagar etter barnehageloven § 14 første og andre ledd.

#### 2. Tildeling av tilskot til nye barnehagar/nye barnehageplassar

Vedtak om tildeling av tilskot til ny barnehage/nye barnehageplassar vert gjort politisk.

#### 3. Kommunalt tilskot

Driftstilskot vert rekna ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarande kommunale barnehagar. Berekningsgrunnlaget er kommunerekneskapet frå to år før tilskotsåret.

Det vert rekna ut ein sats for barn under tre år, og ein sats for barn over tre år. Barn vert rekna som under tre år i månadane januar til og med juli, og som over tre år i månadane august til og med desember.

Det skal reknast ut satsar for ordinære barnehagar og familiebarnehagar. Dersom Ålesund kommune ikkje har kommunale familiebarnehagar, skal nasjonale satsar for tilskot nyttast.

Kommunen skal ein gong per år fatte vedtak om sats. Vedtak om sats skal vere fatta innan 31.10. kvart år.

Kommunen skal fatte vedtak om tilskot innan 1. februar.

Justert vedtak for perioden f.o.m. september t.o.m. desember skal vere fatta innan 01. oktober.

Tilskot vert utbetalt på forskot kvartalsvis, ut frå dette vert det avrekning på 2. og 4. kvartal.

#### 4. Rapportering

Private barnehagar skal rapportere ved følgjande tidspunkt:

- Barnetal per 15.12. året før tilskotsåret, skal gjelde for perioden f.o.m. januar t.o.m. august måned.
- Barnetall per 1. september, skal gjelde for perioden september - desember.

Dersom eit barn startar i ein annan barnehage før oppseiingstida i den forrige barnehagen har utløpt, har forrige barnehagen krav på tilskot for barnet fram til første rapporteringstidspunkt etter at barnet faktisk har slutta. Den nye barnehagen får tilskot for barnet frå og med første rapporteringstidspunkt etter at barnet faktisk har starta i barnehagen.

#### 5. Moderasjoner

Det vert gitt søskenmoderasjon med 30% for barn nummer to, og 50% for barn nummer tre og fleire. Barnehagen får refundert søskenmoderasjon på etterskot kvart kvartal. Barnehagen sender refusjonskrav med dokumentasjon til fagstab opplæring.

Hushald med lav inntekt kan søke om redusert foreldrebetaling. Det vert gitt fritak for foreldrebetaling for 20 timer per veke til alle to-, tre-, fire- og femåringar med samla personinntekt under inntektsgrense fastsett av Stortinget. Tilsvarende gjeld for barn med utsett skulestart.

Barnehagen får refundert redusert foreldrebetaling på etterskot kvart kvartal. Barnehagen sender refusjonskrav med dokumentasjon til fagstab opplæring.

#### 6. Endringsmeldingar

I høve til forskrifta § 12 skal alle barnehagar melde frå til kommunen ved store aktivitetsendringar som oppretting eller nedlegging av avdeling/gruppe. Om aktivitetsendringar utløyser endring i det kommunale tilskotet, vert dette avgjort i kvart enkelt tilfelle.

#### 7. Nedlegging av barnehagar/verksemdsoverdragingar

Barnehagar som vert vedteke nedlagt, skal umiddelbart melde frå til Ålesund kommune. Barnehagar som har fått utbetalt forskot på det kommunale tilskotet for eit lengre tidsrom enn barnehagen har vore i drift, må betale tilbake for den perioden dei ikkje har rett til tilskot. Tilskotet opphøyrer når barnehagen vert nedlagd/avvikla. Barna sin siste dag i barnehagen vert rekna som sluttdato.